



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Marit Lunde
Telefon: 57643005
E-post: fmsfmlu@fylkesmannen.no

Vår dato
17.03.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/10 - 331.1
Dykkar referanse

Selje kommune
Kommunehuset
6740 Selje

Selje kommune - godkjenning av budsjett 2016

Selje kommunestyre har i møte 14.12.2015, sak nr. 096/15, handsama og vedteke budsjett for 2016 og økonomiplan for 2016 – 2019.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Fylkesmannen skal derfor føre kontroll og godkjenne budsjett og låneopptak.

**Budsjett for 2016 er godkjent.
Låneopptak på totalt kr 7 100 000 vert godkjent.**

Sakshandsaming

Fylkesmannen har ikkje merknader til kommunen si sakshandsaming. Vi legg til grunn at formannskapet si innstilling til budsjett og økonomiplan, med alle framlegg til vedtak, har lege ute til offentleg gjennomsyn i minimum 14 dagar, jf. kommunelova § 44 nr. 7 og § 45 nr. 3.

Fylkesmannen sin kommentar

Rammetilskotet for 2016 er budsjettert tilnærma lik KS sin prognosemodell etter statsbudsjettet, medan skatteinntekter er budsjettert noko lågare. Dette er fornuftig sidan kommunen har ei svakare utvikling i folketalet enn landet, og at dette då vil bety ein lågare prognose for skatt og inntektsutjamning.

Kommunens budsjetterte netto driftsresultat for 2016 på ca. 1,54 %, er noko mindre enn TBUs rettleiande sats på 1,75 %. Dette vil gje kommunen noko mindre reservar til ekstraordinære hendingar og planlagt vedlikehald. Det vil derfor vere svært viktig for kommunen å følgje tett opp utviklinga i drifta gjennom året.

Når det gjeld pensjon har kommunen vald 7 års amortisering av premieavvik. Amortisert premieavvik må takast med i budsjetthandsaminga kvart år.

Som Robek - kommune er det etter kommunelova § 50 nr. 9 krav om at kommunale låneopptak skal godkjennast av departementet i dei høve som gjeld § 60 i kommunelova. Departementet har delegert dette mynde til Fylkesmannen.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Fylkesmannen sitt generelle syn på lånegodkjenning til Robek-kommunar er:

- Budsjett og økonomiplan må vere i balanse og nye låneopptak må vere innarbeidd i budsjett og økonomiplan
- Å berre ta opp lån som er sjølvfinansierande
- Å rå frå opptak av lån som aukar driftsutgiftene

I investeringsbudsjettet for 2016 går det fram at samla investeringar utgjer kr 11 299 000. Bruk av lånemidlar utgjer kr 9 640 000. Av desse utgjer kr 2 540 000 ubrukte lånemidlar frå tidlegare år. Refusjon meirverdiavgift utgjer kr 2 259 000, slik at nytt netto låneopptak utgjer 7,1 mill. kr. Investeringar som gjeld VAR og som er sjølvfinansierande utgjer 2 mill. kr. Resterande låneopptak er tidlegare godkjent av Fylkesmannen på inntil 5,5 mill. kroner, og skal nyttast til oppføring av bustader til flyktningar. Husbanken yter tilskot på mellom 20 og 40 prosent av prosjektkostnadene til føremålet, og i tillegg får kommunen leigeinntekter når bustadane vert utleigd.

Kommunelova § 46 nr. 6 krev at budsjettet skal vere i balanse etter finansieringstransaksjonar og avsetningar, og etter § 46 nr. 3 skal budsjettet vere realistisk. For å oppfylle realismekravet, bør m.a. inntekter budsjetterast etter eit forsiktighetsprinsipp og utgifter skal dekkje vedteken aktivitet. Det framlagde budsjettet er i balanse og vi har ingen andre merknader til dette for 2016.

Økonomiplan 2016 – 2019

Endringane som er gjennomførte i drift siste året er vidareførte i planperioden. Eigedomsskatt vert vidareført slik det no ligg føre på alle faste eigedommar i kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom.

Plan for nedbetaling av underskot:

Kommunen har eit akkumulert underskot per 31.12.2015 på 12,3 mill. kr frå åra 2012, 2013 og 2014. Kommunen har fått løyve til eitt års ekstra nedbetalingstid frå departementet, og har tidlegare vedteke slik nedbetaling av underskotet: 3,6 mill. kr i 2016, 4,35 mill. kr i 2017 og 4,35 mill. kr i 2018. Etter opphavleg plan skal då kommunen meldast ut av Robek våren 2019.

Førebelse Kostra-tal pr. 15. mars viser eit driftsresultat på ca. 12,48 mill. kroner for 2015. Dersom dette er riktig kan kommunestyret derfor vedta at heile underskotet skal dekkast inn i 2015 ved handsaming og godkjenning av rekneskapen for 2015. Selje kommune kan då meldast ut av Robek i år.

Fylkesmannen sin kommentar

Det er kommunelova § 44 som regulerer krav og innhald til ein økonomiplan. I økonomiplanen skal det etter § 44 fjerde ledd for kvart enkelt år vere dekning for utgifter og oppgåver som er ført opp i planen. Kommunelova § 46 sjette ledd konkretiserer dette nærare gjennom at det skal vere budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkje renter, avdrag og nødvendige avsetjingar.

Økonomiplanen er framlagt i balanse. Investeringane som er planlagt gjennomførte er ikkje større enn at kommunen skal kunne greie dette, spesielt på grunn av gunstige kompensasjonsordningar innanfor bygging av bustader til flyktningar. Det ligg inne ei nedbetaling av gjeld i økonomiplanen, noko som fører til at belastning i drifta i form av renter og avdrag vil gå ned.

Robek

Kommunen blir meldt ut av Robek når kommunestyret vedtek eit rekneskap der alt

underskot er dekt inn, og budsjett og økonomiplan er i balanse. Så lenge kommunen er registrert i Robek, ber Fylkesmannen om å få tilsendt saker om økonomirapportering som er oppe i kommunestyret.

Vedtak

Fylkesmannen skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Selje kommune, jf. kommunelova § 60 nr. 2. Vi har føreteke kontrollen, og Selje kommune sitt budsjettvedtak for 2016 er godkjent.

Etter § 50 nr. 9 i kommunelova, jf. departementet si fullmakt av 27.02.2001, skal Fylkesmannen godkjenne låneopptak for kommunar som er innmeldt i Robek-registeret. Låneopptak på kr 7 100 000 til investeringar vert godkjent.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Marit Lunde
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Kopi pr. e-post: post@vestkontroll.no